

Ny organisering av 17.-maikomiteen?

04.04.2009



Bør 17.-maikomiteen organiserast på ein annan måte? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**FAU ved Uskedalen Oppvekstsenter har i eit brev til styringsgruppa for 17.-maikomiteen bede om at ordninga med at foreldre i 5., 6. og 7. klasse har hovudansvaret for arrangementet vert revurdert. FAU seier at dagens samansetjing kan føre til at dei same foreldra må stille i fleire år på rad. Hvis ein i tillegg har born på ulike klassetrinn, kan dette føra til at ein av foreldra i husstanden må ta del i komiteen i sju år eller meir.**

FAU kjem med framlegg om ein større variasjon i samansetjinga av komiteen, der ein også inkluderer andre grupper enn berre foreldre til elever. Ein kan til dømes laga ein rotasjonsordning der ein let komiteen bestå av 30-, 40-, 50- og 60-åringer. Då vil ein framleis få med mange av foreldra i skulen.

Ei slik ordning inneber at det vil gå minst ti år mellom kvar komitedugnad.

FAU vonar at dette vert drøfta og teke stilling til før komiteen for 2010 blir vald.

Å ha eit lokalt 17.mai-arrangement i Uskedalen er eit positivt møtepunkt for heile bygda og ein ny organisering vil vera samlende for bygda på tvers av generasjoner, held FAU fram.

FAU trur at mange som sjølv ikke har born i skulealder, vil vera positive til å delta i komiteen. Samstundes vert ansvaret jamnare fordelt, slik at foreldre med barn i skulealder får høve til å delta i arrangementet saman med borna.

Styringsgruppa svarar FAU at den på ingen måte er negativ til slike innspel og at dei er opne for alle framlegg som kan bidra positivt til at arrangementet blir enda betre. Men dette spørsmålet har vore oppo med jamne mellomrom og styringsgruppa har kome til at den noverande ordninga fungerer best sjølv om heller ikkje den er optimal. No er eit fleirtal i styringsgruppa etter ei samla vurdering ikke einig i framlegget frå FAU.

Styringsgruppa held fram at den sosiale kontrollen fungerer svært godt med dagens ordning. Det betyr at foreldre i dei ulike aldersstega, som utgjer ei oversiktleg gruppe som kjenner kvarandre, kjenner ei sterkare plikt til ikkje å sluntre unna enn om alle i nokre årsklassar vert kalla inn.

Eit anna moment er at ein gjennom deltaking gjennom fleire år opparbeider seg ein rutine som gjer at arrangementet går meir knirkefritt for kvart år. Ein slepp å "finna opp krutet på nyt" kvart år.

Gjennom å dra lasset saman fleire år på rad blir ein betre kjent og det blir etter kvart ganske kjekt å arbeida saman på denne måten.

Når det gjeld argumentet om at belastninga vert fordelt på for få meiner styringsgruppa at dette løysast ved at dei primæransvarlege dreg inn andre i arbeidet. Det er ein nødvendig føresetnad og det har fungert godt.

Styringsgruppa innrømmer at ordninga i dag har sine ulempar og at mange foreldre vert leie av å stå i ansvaret over mange år. Gruppa meiner likevel at ordninga samla sett er den beste som ein har hatt i Uskedalen.

Tidlegare var det mykje vanskelegare og det var ein tendens til at dei same folka måtte trø til nærest år etter år sjølv om det offisielt skulle skje ei fordeling.

Men styringsgruppa innrømmer at den ordninga FAU skisserer er det beste alternativ til ordninga i dag.

I styringsgruppa sit Tor Edward Taranger, Erlend Moen, Helene Bjørnebøle og Bjarte Døssland.

Av Ola Matti Mathisen